

Kyrkjeblad for Fjaler

NR. 1 MARS 2023

81. ÅRGANG



God
påske!

Ei ny framtid

Første påskedag går nokon langsamt over kyrkjegarden. Dei har kome tidleg. Saknet har tatt søvnen frå dei. Det næreste dei no kan kome, er staden der den kjære er gravlagt. Dei går dit for å sjå til grava. Steinen står der, slik den blei sett. Den vitnar taust om det som ikkje kan forandrust.

Maria Magdalena gjekk også slik. Tidleg om morgenon, den aller første påskedag, hadde ho stått tidleg opp. Saknet hadde tatt søvnen frå henne. Så gjekk ho, langsamt, for å sjå til grava, ein gong til, sjå at ho aldri meir skulle få sjå han ho hadde mista. Men steinen stod ikkje der, slik den blei sett. Eit gapande hol i fjellet vitna om at noko var forandra.

Og ikkje berre var steinen velta vekk frå grava. Ein Stein hadde falt frå hjartet også. Maria sprang. Ho sprang og sa det til Simon Peter og til den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær. Dei sprang for å sjå. Dei såg at steinen var velta bort og kjente hjartet banke fortare.

Heilt inn i grava sprang dei. Dei såg at den var tom.

Ikkje alle gjer som Peter, og spring heilt inn. Nokon blir ståande utanfor – merka av smertene i livet. Men når dei tek steget inn i oppstoda si verkelegheit, kjem trua og håpet.

Håpet er at vi skal leve, sjølv om vi dør.

Slik blei denne scena den aller første påskedag ei absurd oppleving for dei som var der. Sjølv i vår hypermoderne digitale verd, gjer døden sin brutale entré. Døden vil alltid vere ein fiende for dei som er glad i livet.


Det kan sånn sett vere ei mager trøyst å høyre den gledelege påskebodskapen for dei som opplever den botnlause sorg. Likevel vil Jesus alltid lyse for menneska i skinet frå oppstoda, og spreie strimer av håp i sønderknuste hjarte. Noko er forandra.

Då den andre disippelen omsider gjekk inn i grava for å sjå sjølv, står det at "han såg og trudde".

Jesus er ikkje stemmen frå fortida.

Jesus lever og står framfor oss, og vil gje menneska ei ny framtid.

Knut Arne Kummeneje



FRAMSIDEBILETE

«Dua i korset» – Foto: Audun Systad

Miniatyr av Tjorakorset eit av fleire steinkors som vart reist ved middelalderkyrkja på Sola på 900-talet, ca 2 meter høgt og 1,35 meter breitt. Dette kan vere stein frå kvernsteinsbrotet i Hyllestad.

Krossen på biletet er laga av ein lokal kunstnar, S. Hagen, og den er kjøpt på NMS sin leirstad «Himmel og hav» på Solastranda ved Stavanger. Dua er symbolot på Den heilage ande, og krossen kan såleis vere brukt for å forkynne pinsebodskapen.

På kyrkjebakken

Fjaler sokneråd – reduksjon i tal medlemer

Soknemøtet vedtok samrøystes 22. januar 2023, etter innstilling fra soknerådet, at tal faste leke medlemer i soknerådet blir redusert fra 8 til 6 medlemer.

Sidan samanslåinga av dei to sokna i Fjaler; Dale og Guddal, 1.1.2006, har Fjaler sokneråd talt 8 medlemer. Det vart då lagt vekt på at alle distrikta vart godt representert i rådet. Ved førre soknerådsval erfarte ein at det, for første gang, var vanskeleg å få mange nok namn på vallista til soknerådet. Ved 8 faste leke medlemer i rådet, skal det vere 5 varamedlemer. Ein opplevde at kandidatar som først hadde sagt ja til å stå på vallista, seinare ønskte å trekke seg. Fjaler sokneråd har i dag berre to varamedlemer.

Ved 6 faste medlemer i rådet skal det vere minimum 4 varamedlemer.

Krossvandring og Lysvandring rundt Dale kyrkje

Vandringa som vi første gangen sette opp då koronaen ramma oss og kyrkjene vart stengde for gudstenester i 2020, fortset vi med. Det vil stå 14 plakatar med bilde og bibeltekst på kvar side av kyrkja. Vi har fått tilbakemelding om at folk synest det er kjekt og meiningsfullt å gå desse vandringane og sjå på bilda og lese bibeltekstane.

Årsrapporten for Fjaler sokn 2022

Årsrapporten vil du like før påske finne på Fjaler sokn si heimeside: www.fjaler.kyrkja.no

Den blir òg lagt i kyrkjene/kapella eller kan hentast på kyrkjekontoret.

Boss ved gravplassane

Vi veit enno ikkje heilt kva den nye bossordninga til Sunnfjord Miljøverk IKS vil ha å seie for oss når det gjeld levering av boss frå gravplassane. Men no blir restavfallet henta annankvar veke mot tidlegare kvar veke. I år som i fjor bed vi deg om å hjelpe oss. Vi oppmodar deg særleg til å ta med plasten, plastpotter og plastposar heim, og leve rett saman med plastavfallet ditt. Vi kunne ha sett opp eigne dunkar for plast, men då plasten må vere heilt rein, har vi dessverre ikkje kapasitet til å vaske pottene før levering. Fjaler sokn er grøn kyrkjelyd, og ved å hjelpe oss med bosset, hjelper du oss til å oppfylle våre forpliktingar! Tusen takk for hjelpa!

Rydding av grav

Mange av pårørande etter gravlegging ønskjer sjølvé å rydde bort blomar som ligg oppå grava,

når dei tykkjer tida er inne for det. Kyrkjeverje har fått tilbakemelding om at dei ønskjer å gjere det som ein del av si sorg-bearbeidning. Vi har difor vore avventande, men fjernar det gjerne når vi vert bedne om å gjere det, eller vi ser at det etter lang tid ikkje vert gjort. Kva som er passeleg tid varierer, og det har skjedd at pårørande har tykt vi har vore for tidleg ute med å rydde. Næraste pårørande er den som sytte for gravferda og står som ansvarleg for grava. Fjaler sokneråd ved kyrkjeverje er gravplassforvaltar og har ansvar for tilsaing av grava.



Bruk av kistekrakkar av plexiglas ved gravferder

Soknet har no kjøpt inn kistekrakkar av plexiglas med eikeplate, som vil bli brukt ved gravferder. Dette vil bli «den nye normalen» men pårørande kan, i samtale med Gravferdsbyrået, be om at det svarte katafalteppet vert brukt dersom ein ønskjer det.

Innhogging av nye namn og oppussing av gravminne Tilbodet vert vidareført!

I kyrkjebladet som kom ut i august i fjor hadde vi intervju med steinhoggar Per Gunnar Silseth som pensjonerer seg etter å hatt to årlege turar til Fjaler sidan 1998. Arbeidet vert vidareført av ein ny, erfaren skrifthoggar, også han frå Nordmøre. Han òg vil komme vår og haust – i år rundt midten av mai.

Du må gjerne kontakta kyrkjekontoret så formidlar vi kontakt. Vi får ein liten provisjon som takk for formidlinga. Alle moner dreg, og dette er med å bidra til at vi kan ha fine, velstelte gravplassar.



ANNONSEPLASS TIL SALGS

Kr. 500 + mva pr. annonse pr. blad i visittkortstorlek, lik denne. 3 kyrkjeblad pr år kr 1 500 + mva
Dobel storlek – dobbel pris.

Vi ønskjer å starte å selje annonse i Kyrkjeblad for Fjaler. Dette for å auke inntektene slik at vi kan halde fram med å lage eit godt og interessant blad.

ARKTISK SALMEKONSERT/ARCTIC HYMN CONCERT



DALE KYRKJE
PALMESØNDAG 2. APRIL KL. 19.00
BILLETSAL VED INNGANGEN KR. 150,-

– er et konsertkonsept som, med utgangspunkt i den nordnorske salme- og sangskatten, forteller en historie om et helt liv i et nord-norsk kystmiljø, med både gleder og sorger, – på liv og død. Ved hjelp av salmer, viser, vugesang og brudemarsj med opphav fra cirkumpolare strøk og enkel regi og scenografi, utfoldes alt dette innenfor rammen av en dag, – fra morgen til kveld.

Programmet er utviklet av utøverne over tid og er i stadig endring og spiller på de kjente parallelitetene mellom dagens tider og livets epoker. Konserten kaller tidvis på tårene, men også på smilet.

Her framføres salmer på norsk og samisk. Med tekster av f. eks. Petter Dass og Elias Blix til våre dagers salmer av f. eks. Kari Bremnes, Ola Bremnes, Helge Stangnes og Trond Hellemo, – gjerne til nord-norske folketoner og melodier av f. eks. Bjørn Andor Drage, Ola Bremnes og Ivar Jarle Eliassen.

Orgelet akkompagnerer sangen på rytmisk og klanglig variert vis. Sunnivas stemme, register og dynamikk, balanser orgelet, fra det enkle og lavmælte til det storslagne uttrykket med stort orgelbrus.

Tekst: Ivar Jarle Eliassen

MEDITASJONSKONSERT V/ ELINE SUNDAL OG MARK TAYLOR

RO – er en meditasjonskonsert i kyrkja med musiker Eline Sundal og organist Mark Taylor. Musikken innbyr til RO for kropp og sjel.

Eline Sundal formidlar breidt frå ein tradisjonell konsertform til eit meir eksperimentelt musikalsk scenedrama. Repertoaret hennar strekk seg frå klassiske kjerneverk for solo cello og kammermusikk, til samtidsmusikk og eigne komposisjoner. I tillegg til sitt virke som klassisk musikkutøvar, har Eline etablert seg som ein scenisk musikar som stadig utviklar nye formidlingsformer kor improvisasjon står sentralt. Ut frå dette har ho også dei siste åra utvikla eit sterkt komposisjonsarbeid for kor og ensemble.

«Som musiker har eg eit særleg fokus på ny musikk i scenekunstfeltet. Som improvisasjonsmusiker samarbeider eg aktivt med andre kunstuttrykk som dans, skodespelarar og andre fysiske og visuelle utsyn.»

«I dette formatet håpar eg å utforske musikken si formidlingskraft og kommunikasjonsevne, og håpar å stadig komme lengre ut i leiken med å blande dei ulike utsynna, til glede for meg og mitt publikum.»



DALE KYRKJE
SØNDAG 16. APRIL KL. 16.00

JAKOB SANDE KORKONSERT MED ØRSTAKORET, DIRIGENT ROAR GOKSØYR LILLEBØ, CANTUS OG DEKOR

Roar Goksøyr Lillebø (f. 1954) er fødd og oppvaksen i Volda. Han gjekk på musikklinia ved Oddernes gymnas i Kristiansand, i same klassa som Bård Dahle og Hanne Sigmond. Dei skulle seinare få mykje med kvarandre å gjere i musikklivet i Ørsta.

Utdanning og yrkesliv

Roar utdanna seg ved Bergen Musikkonservatorium (no Griegakademiet). Der hadde han Ruth Bakke (f. 1947) til lærar i komposisjon. Seinare gjekk han i lære hos Asbjørn Schaathun (f. 1961), professor ved Noregs musikkhøgskule i Oslo.

I åra 1980–86 var Roar organist og korleiar i Fjaler. Deretter var han i to år tilsett i Eid (1986–88). Til Ørsta kom han i 1988. Her tok han opp att arbeidet med Ørsta kyrkjecor, som han dreiv fram til eit av dei beste kyrkjecora på Sunnmøre.

Komponisten Roar Goksøyr

Roar tok tidleg til å komponere. Alt i juni 1970 komponerte han «Preludium». Då var han 16 år. Om lag på same tid laga han ein korsats til «Verset er en enetale» av Herman Wildenvey.

Roar Goksøyr har komponert både for kor og instrumentalgrupper: blandakor og cello; orgel; orgel og kor; orgel og trumpet; klarinet og piano; violin, bratsj og cello; valthorn (solo) og fløyte (solo). Nokre av komposisjonane er utkomne på noteftag (Noton og Norsk Musikforlag).

Jakob Sande

Roar har ei sterk melodisk åre. Den mest kjende av tonane hans er «Åndeleg sjømannssong» (2001) av Jakob Sande (1906–67). Den kom inn i den nye salmeboka (2013) og er no i bruk over heile



Foto: Svein Silseth

**DALE KYRKJE
LAURDAG 3. JUNI KL. 17.00**

landet. Sande-diktinga vart Roar kjend med då han verka i Fjaler. Forutan sjømannssongen har han sett tone til og arrangert for blandakor ei rekke Sande-dikt. På konserten får ein høyre desse: «Morgen på Kobbeskjeret» (arr. Terje Aarset), «Voggesong til Siri», «Voggevise frå havkanten» (alle komponerte i 2006) og «Moder Maria Møy». Den siste tonen var opphavleg skiven til eit dikt av Aasta Vartdal (1990).

Ivar Aasen

Roar har også sett tonesett dikt av ein annan ørsting: Ivar Aasen (1813–96). Til «Mellan bakkar og berg» har ein tone av L.M. Lindeman vore mest einderådande siste 150 åra. I 2021 sette Roar tone til ein lite kjend tone frå 1939 av sonen Trygve Lindeman. Dette er ein rytmisk spennande tone. Roar har kalla komposisjonen «MiBe».

«Sumarkvelden», kanskje det fremste

Aasen-diktet etter «Nordmannen», var det frå før sett 14 tonar til, men ingen av dei kan reknast som sjølve tonen til dette storfelte diktet. I 2011 laga Roar ein ny tone til «Sumarkvelden», og den har kvalitetar som kan gje blandakorarrangementet eit langt liv.

18 komposisjonar av Roar Goksøyr

Forutan komposisjonane som er nemnde ovanfor, får vi på konserten høyre korarrangement til tekster av Kjetil Frøysa (Julesong), for blandakor 1989), Håvard Rem («Engelen», for blandakor 2007) og Herman Wildenvey («Verset er en enetale», for blandakor 1970/71). For seg sjølv står «Altus prosator» (1997), tingingsverk frå Dunkeld Cathedral Choir i Skottland, i samband med 1400-årsminnemarkeringa for St. Colomba) og «Herre, lær oss å telle våre dager» (Salme 90, 12), eit eksamensarbeid frå 1979.

Ein Stein i kyrkjegarden ved Dale kyrkje



Gabriel Laukeland på arbeidsplassen sin på skofabrikken. Hundre år med «Klogen». Foto: Atle Ness

Gabriel Laukeland heitte en blid kar som budde på «Elvebakken» i Dale. Det er det kvite huset som ligg ved vegen på venstre side der bruа går over til Bjørga.

Gabriel var fødd i 1865 på husmannsplassen Hamnen som ligg på Laukeland. Han var gift med Jenny Johannesdotter Refsnes, dei fekk fire born som vaks opp, tre gutter og ei jente. Gabriel døydde i 1964, 79 år gammal. Han hadde arbeidsdagen sin på skofabrikken fram til han fylte 77 år, då hadde han vore der i ca 62 år.

Jenta heitte Aud Henriette, ho vart gift med Erling Fester Sunde frå Florø, der dei også slo seg ned. Dei fekk to born, Elin Jenny og Audun Erik. I sommar kom eg i kontakt med Elin Jenny, ho ville så gjerne sjå kor på Laukeland plassen Hamnen låg. Eg visste det ikkje, men etter en telefonprat med Mass Laukeland, som bur på Laukeland, hadde eg funne ein kar som kjente godt til staden der bestefaren til Elin Jenny var frå.

Ein føremiddag i juli, som nesten var regnfri, reiste vi med båt frå Sætenes over til Laukeland og rusla oppi tunet til Mass. Han bur på bnr 3, det er den garden på Laukeland som ligg lengst vest, og deri frå gjekk vi langs vegen austover mot Standnes. Vi fann staden der bestefaren Gabriel og tre syskjen hadde vokse opp, det var ikkje store bota, men ikkje mindre enn andre husmannsplassar her langs fjorden. Alle spor etter tidligare husetufter er no vekke.

Her, litt aust for gardane på Laukeland, låg to andre husmannsplassar, Kvia og Einehaugen. Nemner at Arthur Laukeland som budde med familien i Vaskehuset på Steia, kom frå Kvia.

Petter Nikolai Rochlenge kom også til Dale, han budde med familien i Gamleheimsbakken, han kom frå Einehaugen.

Nok om det. Etter eit lengre «slektsmøte» i stova til Mass kom det mellom anna fram at Elin

Jenny, Audun Erik og Mass er i slekt, men for fleire generasjoner attende i tid. Nokre dager deretter kom det en telefon frå Mass Laukeland, han hadde fleire opplysningar om slekta til Gabriel Laukeland.

For eit par år sidan stod kona mi, Nikka, ved kyrkjegarden og venta på meg då ho ville ha bilskyss heimatt til Sætenes. Om det var uklare avtaler i oss mellom skal være usagt, men då eg omsider kom, vart det nevnt at ho hadde venta i timesvis. Neppe meir enn eitt kvarter, spør du meg. For å korte ventetida hadde ho starta med å grave i mosen på ein flat Stein som ligg øvst i kyrkjegardsmuren, på høgre sida av porten. Under det tjukke laget med mose la ho merka til at det var fleire fordjupningar i steinen. Etter ei tid var moselaget fjerna og bokstavar og tall dukka opp, men det var ikkje lett å tyde noko av det som kom fram.

Så attende til den før omtalte telefonen frå Mass Laukeland. Han kunne fortelje at han hadde



Slektsmøte i stova til Mass Laukeland. F.v. Audun Erik, Mass og Elin Jenny.

hørt frå ein avdøydd sambygdning at det skulle ligge ein Stein på kyrkjegardsmuren i Dale som eingong hadde vore gravstein på grava til disse felles forfedrene. Han kunne også fortelje kva som skulle stå på nemnte Stein. Dette skulle eingong ha vore gravsteinen til deira felles forfedre.

MNSL 1756 HMDL 1770

Det stemte, dette var steinen som Mass hadde fortalt om. Bokstavane og tala står for Mads Nilsson Laukeland død 1756 og kona hans Helga Monsdotter Laukeland død 1770. Dette er gravsteinen til deira felles forfedre, 8 slektsledd fram til Mass, Elin Jenny og Audun Erik. Enklare sagt, dei var deira 4 x tippoldeforeldre!

Mads Nilsson var frå Sæle i Gaula. Han var født i 1682 og flytta ut til Laukeland i 1719 og dreiv garden fram til 1757 då sonen hans, Mons, tok over drifta. Det er same slekta som sit med garden i dag. Det er uvisst kor Helga Monsdotter kom frå, men ho vart 93 år gammal.

Litt meir om disse to, siterer no frå Fjalersoga: «Skiftet etter Mads Nilsson og kona syner at han var en velstandsmann. Buet var på 308 daler som etter tilhøva då var meir enn vanleg. Omframt mange sylvvarer – skeier, tomling og staup – hadde han



Den omtalte gravsteinen ligg øvst på kyrkjegardsmuren til høgre for porten.


fleire båtar m.a. en slupp ei jakt, firkeipings – og seksringsbåtar. Enkja, Helga Monsdotter, kravde tilført i skiftebrevet at gullringen hennar, verdsett til 5 Rdl. skulle gå til dotterdottera, Luise Torsteindotter Høydal»

Forma på steinen gjer at det er grunn til å tro at den har lagt flatt oppå grava. Kor tid den havna oppå kyrkjegardsmuren er vanskeleg å sei noko om, det kunne ha vore rundt 1860 åra då den nye kyrkja var ferdig eller kanskje ved siste utvidinga av kyrkjegarden rundt 1900. Uansett når den vart plassert der, er det ein flott Stein som no ligg på den gamle muren rundt kyrkja i Dale.

Til slutt vil eg nemne at det ligg ein annan flat, lang Stein ved porten til

kyrkja som vi ikkje har identifisert enno. Den ligg slik til at alle som går inn og ut av kyrkjegardsporten vil måtte trakke på den. Kanskje nokre av lesarane kan sitte med meir informasjon? Ta i såfall kontakt med Fjaler Sogelag, så vil få litt å skrive om i neste års sogehefte.

Knut Bakkebø



Slik ligg steinen på kyrkjegardsmuren. Vi ser at M og N er trekt i saman, det same med H og M. 6-talet i 1756 er spegelvendt.

Grøn kyrkjelyd Fjaler

Verdas miljø- og klimautfordringar angår kyrkja. Å vere etterfølgjarar av Jesus Kristus inneber å være gode forvaltarar av Hans skaparverk og kjempe for ei rettferdig fordeling av ressursane. Vår grøne kyrkjelyd er eit samarbeid mellom Den norske kyrkja, Norges Kristne Råd og Kirkens Nødhjelp.

Fjaler sokneråd og kyrkleg tilsette har gjort eit godt arbeid mot å kvalifisere seg til å bli «Grøn kyrkjelyd», men det er opp til kvar kyrkjemedlem å engasjere seg og gjøre eit forskjell.

Nokre av soknerådet sine tiltak:

Vi vil oppmøde kyrkjelyden om å gå, sykle, reise kollektivt eller samkøyre til og frå kyrkja eller møtelokalet, og leggje til rette for det.

- Gå eller sykle på korte avstand og la bilen stå.
- Om du må køyre, ikkje lat bilen gå på tomgang.
- Kør saman med andre. Inviter slekt,

familie og vener til kyrkja, gjerne eldre som ikkje klarer å kome til gudstenester på eiga hand.

- Kyrkja driv eit desentralisert gudstenestetilbod slik at du kan gå i kyrkja/kapellet i nærmiljøet utan lange miljøskadelege køyreturar.

Bruk tilbodet!

Vi vil bruke Fairtrade-merka produkt.

- Fjaler er ein grøn kyrkjelyd og soknerådet har vedtatt at vi vil bruke Fairtrade-merkte produkt, utfordre kommunen vår til å bli ein Fairtrade-kommune og utfordre butikkane i nærmiljøet vårt til å selje og profilere Fairtrade-merkte, økologiske og svanemerke varer. Kjøp Fairtrade-merka sjokolade som er laga ved etisk og berekraftig kakaoproduksjon, og utan bruk av barnearbeidrarar under tvang og slaveri.

Diakoni, undervisning og misjon

- Vi vil innarbeide vern av



SKAPARVERK
OG BEREKRAFT

skaparverket og kampen for rettferd i diakoniplanen vår.

- Vi vil delta i fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og syte for å ha ein KN-kontakt i kyrkjelyden.
- Vi vil samarbeide om misjonsprosjekt, gjerne slike som har ein grøn profil.

Innkjøp, forbruk og avfall

- Vi vil kjøpe så lite som råd er, vurdere bruktkjøp og reparasjon og vere kristiske til å bruke eingangsprodukt ved traktering/kyrkjekaffi.
- Vi vil bruke Fairtrade-merkte produkt.
- Vi vil unngå å bruke reingjerings- og sprøytemiddel som inneheld miljøgifter.
- Vi vil bruke mindre mengder papir.

Alle miljømåla for Fjaler sokn kan du lese på: <https://rapportering.miljofyrtarn.no/stats/151835>

UTDRAG AV ÅRSMELDINGA

(Tala i parentes er frå 2021)

Dåp: Vi har ei fast spalte om dåp i kyrkjebladet og på heimesida. Det var 21 (20) dåp i Dale kyrkje, 0 (1) i Guddal kyrkje, 0 (0) i Hellevik kapell, 4 (2) i Folkestad kapell og 3 (0) dåp ved Korssundkrossen.

	2018	2019	2020	2021	2022
Dåp	15	15	14	23	28
Konfirmasjon	38	30	33	27	21
Vigsel	2	3	1	4	3
Gravferd / Bisetjing	38	21	17	35	28

Vi har god oppslutnad om dåp i Fjaler.

Årleg ønskjer òg fleire som bur andre stader å døype barna sine der dei sjølv er døypt.

Konfirmasjon: 13 (19) vart konfirmerte i Dale kyrkje, 5 (6) i Guddal kyrkje og 3 (2) i Folkestad kapell. Konfirmanntalet varierer frå eitt år til eit anna. Oppslutninga er 90–95 % av dei døypte!

Vigsel: Det var 1 (2) vigslar i Dale kyrkje, 2 (1) i Guddal kyrkje og 0 (1) ved Korssundkrossen.

Gravferd/bisetjingar: Fordelinga var 22 (26) i Dale, 1 (1) i Guddal, 5 (5) i Hellevik og 0 (3) i Folkestad.

Gudstenesteliv: Gudstenesteinvolvering står sentralt både i korarbeid, musikkarbeid og trusopplæring.

Fjaler har ein utprega «Folkekirkje-kyrkjelyd». Til julaftan, lysmesse, konfirmasjon og helgemesse er oppmøtet stort, i tillegg til einskilde gudstenester i trusopplæringa. Ved gudstenester der det ikkje er noko spesielt enn det å feire gudsteneste, kan framstått variere, men er sjeldan veldig høgt. Vi er likevel glade for at så mange er positive til kyrkja og kjem når dei blir invitert. I trusopplæringa møter som oftast familiene opp når barnet deira skal vere med. Det same skjer når kora deltek. Sånn sett er dette arbeidet veldig viktig, og bidreg svært mykje til den auka oppslutninga.

Gravplassen på Øyra

– eitt steg nærare realisering



Oversiktsbilde av gravplassen på Øyra.

Det er styrkt håp om realisering av gravplassen på Øyra, men framdriftsplanen er usikker.

Norconsult, ved landskapsarkitekt Anne Irgens, har planlagt ny gravplass på Øyra. Soknerådet fekk presentert planane i teamsmøte og er svært nøgde med korleis gravplassen på Øyra er utforma, og tykkjer at bruva over elva har fått ei fin form. På dei to illustrasjonane frå Norconsult syner oversiktsbilde og namna minnelund.

Reguleringsplanen vart send på høyring seinhaustes 2022, med høyringsfrist i slutten av januar 2023. Reguleringsplanen må vere godkjend før gravplassen kan sendast ut på anbod. Framdriftsplanen er, ifølgje kommunen, såleis noko usikker.

Ved budsjetthandsaminga til kommunen i desember ligg Gravplass på Øyra inne i økonomiplanen med følgjande investeringar; kr 4 millionar i 2023 og 3,2 millionar i 2024. Brua over elva, frå kyrkja til gravplassen på



Slik ser ein føre seg namna minnelund på gravplassen.

Øyra, ligg i 2024 under «Ynskte investeringar, ikkje prioriterte» med kr 10,1 millionar.

Brua over elva til ny gravplass på Øyra synest kalkulert til 10,1 millionar. Ifølgje kommunen skal det lagast reguleringsplan for nytt byggefelt på Bjerga, og då vil det truleg kome krav om gangveg frå Bjerga til Dale sentrum. Det mest sannsynlege er då at eksisterande bru over Storelva vil verte utvida. Då vil det bli vurdert om det er behov

og økonomi til to brukryssingar. Soknerådet håpar sjølv sagt at den planlagde bruva mellom gravplassane vert realisert.

Statsforvaltaren er regional gravplassmynde. Oppgåvene for heile landet er samla hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Her finn ein og fagsjefen for gravplass, Åse Skrøvet. Anlegg av gravplassen må ha løye frå statsforvaltaren. Vi håpar og trur at det går greitt.

Velkommen til påskevandring i Dale

Vi har tre kristne høgtider. I jula feirar vi at Jesus blei født. I påska feirar vi at Jesus sigra over døden. I pinsa feirar vi at dei første kristne blei døypt og fekk Den Heilage Ande. Påska byrjar med at Jesus rei inn i Jerusalem på palmesøndag. Dette var starten på hans lidingssoge, der læresveinane åt det siste måltidet med han på skjærtorsdag, før Jesus dagen etter døydde på krossen.

Men det slutta ikkje der. For tre dagar etter stod han opp igjen av grava og sigra over døden. Dette var ei så fantastisk hending at denne bodskapen om hans oppstode spreidde seg over heile verda – også til Noreg. Det blei bygd kyrkjer og landet vårt blei styrt av kristne kongar, og kyrkja starta også dei første skulane i landet vårt. Kyrkja i Fjaler vil invitere born til å delta og høre om denne fantastiske historia som hende i påska for 2000 år sidan.

Det vil bli påskevandring for dei som fyller 9 år dette året og som soknar til Dale kyrkje. Første samling er torsdag 20. april kl. 11.45-13.15 i Dale kyrkje. I tillegg er det gudsteneste i Dale kyrkje søndag 23. april kl. 11.00 der borna vil få utdelt ei påskebok. Vel møtt! **Knut Arne**



FASTEAKSJONEN 26.-28. MARS 2023

Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom og konflikt. Ver med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det aller mest. Støtt frå deg reddar liv.

Vipps til 2426

www.fasteaksjonen.no

DØR-TIL-DØR-AKSJON I FJALER SØNDAG 26. - TYSDAG 28. MARS

I årets fasteaksjon fortset vi å seie: «Ja, vi elskar dette vatnet», fordi vi veit at reint vatn er livsviktig og heilt avgjерande for all utvikling. Dei siste åra har vi sett at det har skjedd ein positiv utvikling i mange land. Fleire har fått tilgang til reint vatn, men om vi skal ha håp om å nå utviklingsmåla som verdas politikarar har blitt einige om, må vi heile tida fortsetje å kjempe for denne viktige saka.

Konfirmantane i Fjaler vil vere med på dette, og gjennomfører ein dør-til-dør-aksjon på aksjonsdagen til Kirkens Nødhjelph – i veka før palmesøndag. Dessverre har vi ikkje full dekking av rodene, men dei fleste husstandane blir besøkt. Det er elles mogles å gje pengar på annan måte, informert om i dette bladet.

KONSERT

Vi avsluttar fasteaksjonen med ein Solidaritetskonsert i Dale kyrkje **tysdag 28. mars kl. 20.00** der Fjaler kulturskule, Cantus, med fleire deltek.

Vi oppmodar alle til å ta godt imot bøsseberarane våre! Ditt bidrag er veldig viktig!

VI TRENG DEG!

Har du lyst på litt ekstra jobb?

Vi treng hjelp til avvikling av gudstenester, gravferder og andre arrangement ved Dale kyrkje, og hjelp til reinhald av kyrkja og andre lokale.



I Fjaler er vi heldigvis velsigna med stabil prest og organist. Då er det verre med den/dei andre tilsette som trengst for å få gjennomført dei kyrkjelege arrangementa, kyrkjetenar og reinhaldar.

Kyrkjetenar

Ved alle arrangement må det vere kyrkjetenar, som inkluderer praktisk tilrettelegging før arrangementet. Å vere kyrkjetenar er eit svært viktig og meiningsfylt arbeid der dine tenester er høgt verdsette.

No har vi to som delar på å vere kyrkjetenar ved guds-tenestene, slik at du ikkje blir oppbunden annankvar søndag, som er då det er gudsteneste i Dale kyrkje. Den eine ønskjer å fortsetje med det, men han kan ikkje gjere teneste i vekene ved gravferder, då han har annan jobb.

Noverande kyrkjetenar ved gudstenester og gravferder, samt alt reinhaldet, ønskjer avløysing frå sommaren 2023.

Reinhaldar

Reinhald av kyrkja kan gjerast fleksibelt, men kyrkja må vere rein og ryddig dagen før arrangementet. I tillegg til kyrkja har vi kyrkjekontor og Ljosheim som treng jamleg reinhald.

Dette er arbeid som og kan passe godt for pensjonistar som har lyst på litt ekstra inntekt.

Kontakt kyrkjeverja innan 15. april 2023.

Kyrkjeverja i Fjaler pensjonerer seg til sommaren og vi treng ny kyrkjeverje

Fjaler sokn er på jakt etter ny kyrkjeverje i 100% fast stilling etter at kyrkjeverje Irene Fløde takkar for seg sommaren 2023. Stillinga har vore lyst ut både lokalt og i landsdekkande media. Søknadsfristen gjekk ut 18. mars 2023 og no når kyrkjebladet kjem i postkassane håpar vi at vi har fleire gode søkerar.

LJOSHEIMBASAREN 2023

TAKK FOR 58 000 KR!

Vi må starte med å takke hjarteleg ALLE som var med på dagnaden, Ljosheimbasaren 2023, som gav det flotte resultatet på kr 58 121.

Det er vel eit ord som heiter: «Ingen nemnd, ingen gløymd». Mange var i aktivitet både før, under og etter basaren.

Litt over 70 stolar hadde vi sett fram, og så godt som alle var i bruk. Kjekt er det at 15 born var blant dei frammøtte. I fjar fall basaren på den helga Norge vart opna opp etter pandemien, så då var vi litt forsiktige og serverte kaffimaten ved borda. I år var det gode kakebordet tilbake, noko dei frammøtte sette stor pris på.

Det var som vanleg fint handarbeid og andre vinstar. Marie Skadal broderer flittig gjennom heile året. Andre bidreg med fint strikk.

Fornyinga av Ljosheim held fram for å gjøre huset innbydande å leige til diverse arrangement. Som nemnt under basaren hadde vi problem med å få steam-maskina varm då vi skulle vaske opp etter kaffistunda. Den over 30 år gamle maskina er nok moden for utskifting. Nye gardiner i storsalen er også høgt oppe på prioritetslista.

BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

kr 250 for dei som bur innan kommunen.

kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke

Bankkontonr: 3741.20.73135

Vippsnummer: 557133

Det er bladpengane du betalar som gjer det mogleg for oss å gje ut Kyrkjeblad for Fjaler. Vi er takksame for at de tykkjer det er kjekt å få bladet i postkassa, og at pengar kjem inn på kyrkjebladet sin bankkonto.

Vi håpar å kunne fortsetje med å gje ut tre årlege nummer. Du som bur utanom kommunen, og får bladet tilsendt med adresselapp, må hugse å merke innbeta-linga med namn og adresse – også når du betalar via nettbank. Utan adresse får vi ikkje sendt deg bladet.

Alle som har postkasse og bur innan kommunen skal få kyrkjebladet i postkassa si. Det gjeld også dei som har reservert seg mot reklame. Kyrkjebladet er informasjon og ikke reklame. Skulle posten svikte deg, har vi alltid blad liggande på kontoret som du kan få.

Kyrkjevalet 2023

Kven skal styre kyrkja her eg bur?

Den 11. september er det val til nytt sokneråd i Fjaler sokn. På valdagen for kommune- og fylkestingvalet, kan medlemar i Den norske kyrkja også velje kven som skal styre i sin lokale kyrkjelyd, i tillegg til å velje kven som skal inn i bispedømerådet og dermed også sitte på Kyrjemøtet, som ofte blir kalla kyrkja sitt storting.

No i februar og mars arbeider nominasjonskomiteane med å sette opp lister over kandidatar til å sitte i sokneråda. Dette er eit tillitsverv, og Den norske kyrkja her i Fjaler har bruk for eit styre som består av menneske med ulik alder og erfaring. Dei som blir valde treng ikkje å ha vore av dei mest aktive i kyrkja. Mange har rik livserfaring og kunnskap frå yrkesliv og frivillig arbeid, dette er viktige tilskot til det teamet som skal utgjere soknerådet. Så svar frimodig ja til å bli med, om du blir spurt! Eller foreslå andre eller deg sjølv som frivillige i kyrkjelyden sitt mangfaldige arbeid.

Fristen for å ha klar ei liste er 31. mars kl. 12:00. Kven som helst av medlemanne i Fjaler sokn kan i prinsippet foreslå ei liste til soknerådsval, så lenge forslaget er skrive under av ti personar med røysterett. Nominasjonskomiteen si liste kan ein òg supplere med eit ekstra namn i perioden 2. – 15. mai. Fem medleamar med røysterett kan saman foreslå ein supplerande kandidat som då vil kome med på lista til valet.

Soknerådet sine oppgåver

Soknerådet skal bidra til at kyrkja er ein plass alle kan kjenne seg heime. Det betyr mellom anna å legge til rette for at menneske kan møtast til

kyrkjebyggande aktivitet som barne- og ungdomsarbeid, gode gudstenester, dåps- og konfirmantundervisning, diakoni (kyrkja si omsorgsteneste), musikk og frivillig arbeid av ulik karakter. Soknerådet lagar planar som vert gjennomført av tilsette og frivillige i fellesskap.

Ei nasjonal undersøking bland sitjande soknerådsmedlemar viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt å vere med i soknerådet.

Digital førehandsrøysting

På sjølvé valdagen 11. september vil du finne kyrkjevalet sitt vallokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider. Frå 10. august kan du røyste på førehånd, og nytt i år er at du kan førehandsrøyste digitalt ved kyrkjevalet. Alle medleamar som fyller 15 i år eller er eldre, har røysterett.

Informasjon om kyrkjevalet finn du på nettsida www.kyrkjevalet.no

KVIFOR SEIE JA TIL SOKNERÅDET?

Det er mange grunnar til å stille til val til soknerådet. Her er ti av dei. Som representant i soknerådet vil du få høve til å:

- bruke dine talent
- få nye relasjonar i nærmiljøet
- jobbe saman med andre – for andre
- vere med på å formidle kristen tru
- dele og diskutere dine standpunkt med andre
- sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
- legge til rette for at kyrkja blir ein viktig kulturarena
- bidra til at kyrkja er open for alle
- gjøre lokalmiljøet ditt betre
- bli betre kjent med deg sjølv

Kyrkjevalet 2023

Dersom du er oppteken av gudstenester, musikk, misjon eller barne- og ungdomsarbeid, [still til soknerådsval](#).

Vil du ha eit anna godt råd? Dersom du er oppteken av miljø og rettferd, jus eller økonomiforvalting, [still til soknerådsval](#).

Uansett kva du meiner er eit godt sokneråd, bli med å bestemme kva som skal skje i kyrkja der du bur.

[Still til val.](#)

kyrkjevalet.no



DEN NORSKE KYRKJA

vil du ha eit godt råd?



Ragnhild Jepsen blir vigsla som biskop 16. april: Gler seg til å jubile for påska

Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigslar tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

– Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

– Kva ser du fram til ved å bli biskop?

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidrarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særlig satsingsområde for sin eigen del.

– Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland,



Ragnhild Jepsen framfor Bergen domkirke der ho gler seg til å bli vigsla til biskop i Bjørgvin 16. april. Foto: Jens Z. Meyer

men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablera seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

– Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?

– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost

også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjørnar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

– Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet. Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

Babysong på Ljosheim

Tiltaket med babysong vil halde fram utover våren. Sabina Baylarbayova, kantor i Askvoll, tar over stafettipinnen etter Guri Høstaker Nordheim, som hadde sju samlingar på Ljosheim i haustsemesteret. Dette var eit populært tilbod, og vi gler oss over å kunne halde fram, sidan vi var så godt i gang.

Babysongen er eit tilbod til alle born opp til eitt år, og om barnet fyller eitt år i løpet av semesteret, er ein velkommen til alle samlingane likevel. Barnet treng heller ikkje vere døypt, her kan alle komme.

Sabina legg opp til babysong mandagane framover, og ho vil ha med seg litt hjelpe til å tilrettelegge det praktiske med samlingane, som servering av kaffi, te kjeks og frukt til ei sosial stund etter sangøkta.

Ynskjer de å vere med, er det fint om de sender ein sms til Sabina på tlf. 93081399 innan samme dag det er samling. Då kan ho førebu samlinga best mogeleg. Om de ikkje rekk å sende sms, eller gløymer det, er det berre å komme likevel.

Babysong er satt opp desse mandagane framover:
27.03, 03.04, 17.04, 24.04, 08.05, 22.05.

Vipps til Fjaler sokn 127523
– merk innbetalinga Babysong.



Sabina Baylarbayova.



GAVEKONTO: 1594.22.87248

VIPPS valgfritt beløp til 2426

SMS GAVE til 2426 (250,-)

Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørande, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomsterterget AS · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
 Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569

NULL
STRESS
VI TAR DET PÅ
VIPPS

KYRKJEKONSERT:



Jonas Fjeld i Dale kyrkje – avsluttar Fest i Fjaler

Artistar kan ikkje pensjonere seg, sjølv når dei passerar 70. Det handlar om å fortsette så lenge det er pust i lungene, så lenge det er følelsar å formidle, og så lenge det er eit publikum der ute som vil lytte. Jonas Fjeld er i den heldige posisjonen at han både har skaparkrafta intakt og evna til å fortsette. Samstundes har han eit stort publikum som veit å setje pris på ein artist som alltid innfrir og overraskar.

70 år er ingen alder i dag, sjølv ikke for ein artist. Det var ei tid då ein rekna med at artistar måtte gje seg når dei passerte 40, men heldigvis har tidene forandra seg. No blir «godt vaksne» artistar respektert for sin kunst og beundra for si uthaldenheit. Jonas Fjeld har i aller høgste grad vore med på denne utviklinga, og den starta for hans del med albumet «Svært nok for meg» ved årsskiftet 1989-90. Han

hadde sjølv fått beskjed i 1982 (da han nærmest seg 30) at han var for gamal, men i ein alder av 37 slo han kraftig tilbake. Han fikk ein ny vår og ei ny karriere – mykje takka være «Engler i sneen». Siden har han berre fortsett og fortsett. Og diskusjonen om alder har stilna.

Jonas Fjeld er ein artist som takka være si lange karriere er meir allsidig enn mange andre kan drøyme om å bli. Han starta som gjøglande rockar i det elleville bandet Jonas Fjeld Rock 'n' Rolf Band, fortsette med seriøs funk innspela i USA, laga country-plate i Nashville, backa utallige norske artistar på plate, gjorde comeback som soloartist med country-inspirert viserock, spela amerikansk folkemusikk saman med Rick Danko fra The Band og Eric Andersen, samarbeida med visekongen Ole Paus og rockepoeten Henning

Kvitnes, kasta seg ut i bluegrass saman med Chatham County Line, og nylig gjekk han til topps sammen med legendariske Judy Collins. Han har også nyleg gjort gjenforeningskonsertar med Jonas Fjeld Band, som var leiande innan norsk rock på 80-tallet med to Spelemannprisar. Alt dette understrekar berre at dette er ein artist som ikkje er redd for å sjå seg attende før han tek nye steg vidare.


Skal ein så rutinert og allsidig artist gje seg når han passerer 70? Nei! Det finnast ingen pensjonsalder for ein artist. Artisten skal fortsette. Og det gjer Jonas Fjeld.

DALE KYRKJE

SØNDAG 13. AUGUST KL. 19.00

BILLETSAL KR 350,-

Arbeidet til NMS i Midtausten



Utdeling av biblar til born i Egypt.

KVA GJER NMS HER?

Saman med fleire partnarar jobbar vi inn mot minoritetar, kvinner, barn og unge.

MEDIA

Mediearbeit står sentralt for NMS i Midtøsten. På fire TV-kanaler sender SAT-7 haldningsskapende og verdibaserte program for alle aldrar på arabisk, tyrkisk og farsi. Evangeliet blir forkjent og forklart via drama, musikk, samtalar, gudstjenester med meir. Undersøkselar viser til 25-30 millioner sjårarar. Stadig kjem tilbakemeldingar i form av takk, spørsmål og kommentarar.

KVINNERES RETTIGHETER

I kulturar der mange kvinner blir undertrykte og sett på som annanrangs borgarar, jobbar NMS' partnarar målretta for å betre deira situasjon. Dette skjer mellom anna via interaktive nettsider og gjennom gruppessamtalar. Der tek dei opp konkrete saker og utfordringar, delar erfaringar og støttar kvarandre. På retreatenteret Anafora får traumatiserte unge kvinner undervisning og veiledning. Dei blir fortalt at dei er verdifulle og viktige, og at dei sjølv kan bestemme over eigen kropp og eige liv.

BIBEL OG TEOLGI

Bibelselskapet i Egypt har 17 butikkar spreidd rundt i dei største byane. Via butikkane kjem dei i kontakt med mange menneske. I tillegg til salg, er butikkane ein

viktig arena for å formidle Bibelens budskap. Det teologiske seminaret i Kairo var tidlig ute med digital undervisning. Mange er takksame for mogelegheita til å studere på denne måten. Studentane er ikkje berre i Egypt, men også i mange andre arabisktalande land.

STØTTE TIL FORFØLGDE

Gjennom partnarar i Midtøsten og Pakistan er NMS med på å støtte forfølgde kristne, både praktisk og økonomisk. Det kan vere juridisk bistand ved arrestasjon/fengsling/rettssak, mat og hus i akutte situasjonar eller hjelp og kontaktnett hvis ein må etablere seg ein ny stad.

MIGRASJON

I Spania har egyptiske misjonærar ansvar for to sosialsenter og ein arabisktalende menighet retta mot arbeidsinnvandrarar frå Nord-Afrika. I tillegg til økonomisk støtte, sender NMS unge voksne til eittårig tjeneste (Ucrew) her.

OM MIDTAUSTEN

Denne regionen strekk seg frå Marokko til Afghanistan, og frå Tyrkia til Sør-Sudan. Her er 500 millioner innbyggjarar, der to tredjedeler er arabisktalande. Regionen er gjennomgåande muslimsk. Mange kristne blir forfølgde, og ein god del reiser difor frå området. Krig og politisk uro pregar fleire av landa.



En tåre renner fra ikonet,
en mager mann med tornekrone.
Grepet ser jeg ned,
min tro, mitt håp, min fred.
Jeg ser hva jeg har gjort,
og legger kronen bort,
straffen lå på deg,
skammen bærer jeg.

Bjørn Eidsvåg
Salme 362, Norsk salmebok 2013

Et ord, en mann, et speil, en gåte,
forundret ser jeg speilet gråte.
Så lite tro jeg har,
jeg overhører svar.
Jeg trodde det var meg
som skulle redde deg.
Skamfull ser jeg ned,
det var du som led.

En mager mann som stille lider.
Evig Gud til alle tider,
i himmel og på jord,
min frelser og min bror.
Jeg ser hva du har gjort,
og legger kronen bort.
Straffen lå på deg,
nåden bærer meg.

ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleie 8 m³ – 35 m³
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi henter alt av stålskrap

90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



VELKOMEN TIL KYRKJE

Søndag 26. mars

Dale kyrkje kl. 14.00: Samtalegudsteneste.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

Tysdag 28. mars

Dale kyrkje kl. 20.00: Solidaritetskonsert.
Fjaler kulturskule, Cantus, Marthe Eimind m.fl.
Kollekt til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

Søndag 2. april

Dale kyrkje kl. 19.00: Arktisk salmekonsert v/lvar Jarle Eliassen (orgel) og Sunniva Håkestad Eliassen (song).
Billetsal ved inngangen – kr. 150,-.

Skjærtorsdag 6. april

Guddal kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste. Guddal
Familiekor deltek. Offer til Strømmestiftelsen.

Langfredag 7. april

Dale kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste.

Påskedag 9. april

Dale kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Cantus
deltek. Offer til Strømmestiftelsen.

Folkestad bedehuskapell kl. 18.45: Orgelkonsert
Op.4 nr.5 av Händel v/ Mark Taylor.
Høgtidsgudsteneste kl. 19.00.
Offer til Strømmestiftelsen.

Søndag 16. april

Dale kyrkje kl. 16.00: Meditasjonskonsert v/ Eline
Sundal (cello) og Mark Taylor (orgel og piano).
Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Folkestad bedehuskapell kl. 19.00: Syng med oss
kveld – allsong, andakt og kveldsmat.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 23. april

Dale kyrkje kl. 11.00: Barnas påskegudsteneste. Kyrkjekaffi.
Offer til SOS Barnebyer.

Laurdag 29. april

Folkestad bedehuskapell kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste.
Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Laurdag 6. mai

Dale kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste
Dale kyrkje kl. 13.00: Konfirmasjonsgudsteneste
Offer til barne- og konfirmasjonsarbeid.

Søndag 14. mai

Folkestad bedehuskapell kl. 11.00: Gudsteneste.
Offer til Våge krins bedehusforening.

Straumsnes grendahus kl. 13.30: Gudsteneste.
Kyrkjekaffi. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Onsdag 17. mai

Dale kyrkje kl. 11.00: Festgudsteneste.
Solosong v/ Anne Marthe Ospedal Haugen.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Guddal kyrkje kl. 13.00: Festgudsteneste.
Guddal familiekor deltek.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Pinsedag 28. mai

Dale kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste.
Cantus deltek. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Folkestad bedehuskapell kl. 19.00: Gudsteneste.
Jarle Mide deltek med trekkspel.
Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Laurdag 3. juni

Dale kyrkje kl. 17.00: Jakob Sande korkonsert
med Ørstakoret, dirigent Roar Goksøy Lillebø,
Cantus og Dekor.

Søndag 4. juni

Guddal kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste for Skaparverket.
Kyrkjekaffi. Guddal familiekor deltek.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

Søndag 11. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste for Skaparverket.
Innskriving av 2024-konfirmantar. Dale barnekor deltek.
Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Folkestad bedehuskapell kl. 14.00: Gudsteneste for
Skaparverket. Innskriving av 2024-konfirmantane.
Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Søndag 25. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.
Offer til KFUK-KFUM.

Søndag 16. juli

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 30. juli

Korssundkrossen kl. 14.00: Friluftsgudsteneste.
I Folkestad kapell om dårleg vær.

Søndag 6. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.

Søndag 13. august

Dale kyrkje kl. 19.00: Kyrkjekonsert i Fest i Fjaler.
Billetsal kr. 350,-.

**Sjekk www.fjaler.kyrkja.no, facebook.com/FjalerKyrkja
eller sjå annonen i Firda kvar laurdag for
oppdatert informasjon.**

KONFIRMANTAR VÅR 2023

Folkestad kapell 29. april kl. 11.00: Ronja Fretland, Linnea Lammetun Lindelid, Elise Bygstad Skår.

Dale kyrkje 6. mai kl. 11.00: Adele Ulvik Alværen, Frida Brattelid, Kristoffer Horstad Eiken, Maria Hauge Folkestad, Abel Berger Follevåg, Alvira Harkestad, Steffen Quimado Helgesen, Madeleine Høydal Løseth, Tara Åsta Simanga Thingnes.

Dale kyrkje 6. mai kl. 13.00: Sofie Helene Sandtorv Berg, Iver Vagstad Hellebust, Carmen Pitkanphai Hjelmeland, Erlend Guddal Hovland, Oliver Nytingnes Høivik, Aurora Bjergene Kleppe, Linnea Bjergene Kleppe, Lucas Turøy Myklebust, Agathe Naustdal, Niklas Ulvik Nyland, Elise Sande, Sara Schürholz Strandenes, Hedda Igelkjøn Åsnes.

Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.

Redaktør: Knut Arne Kummeneje og Hildegunn Helleset

Prent: Printfarm AS

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Fjaler sokn

Dalstunet

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 57 73 97 70 / 40 50 94 52



Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Er det lys etter stengetid, kom gjerne innom!

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve kontoret stengt også når det skulle vore ope.

Tilsette med kontorplass:

Sokneprest Knut Arne Kummeneje

jobb: 40 50 94 52, mobil: 908 55 230
knakum@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde

jobb: 40 50 94 52, mobil: 992 38 420
kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

Mandag, tysdag, torsdag og fredag

Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449
kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321
kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje

Atle Lyngstad Ness tlf: 911 49 806

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell

Guddal kykje

Anne Brit Mo tlf: 950 21 424

Vedlikehald av Hellevik og Folkestad gravplassar

Jostein Folkestad

Fjaler sokneråd

Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

I kyrkjelyden sidan sist

Døde

Dale:

14.11.2022	Knut Arve Nybø	f. 1972
19.11.2022	Leif Agnar Solheim	f. 1951
27.11.2022	Atle Johannes Høyvik	f. 1946
04.12.2022	Helge Ellingsen	f. 1942
13.01.2023	Marcaria A. J. Risting Berg	f. 2023
10.02.2023	Sigurd Aase	f. 1956
11.02.2023	Leif Gunnar Igelkjøn	f. 1949

Folkestad:

25.12.2022	Steinar Magne Folkestad	f. 1933
06.01.2023	Dagfinn Harald Folkestad	f. 1953
02.02.2023	Ann Elise Kviteberg	f. 1940

Døypte

Dale:

20.11.2022	Oline Vesterås Strand
25.12.2022	Johannes Kjørstad
22.01.2023	Iver Haugsbø Loneland
19.03.2023	Ylva Netland Lie (døypt i Ulvik kyrkje)

Theo Solås Tonning

Folkestad:

29.01.2023 Marie Louise Vågenes Lihaug

Guddal:

29.01.2023 Andreas Kalstad

INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjecontor
Dalstunet, Dalsvegen 105a
6963 Dale i Sunnfjord

VELKOMEN TIL LANGFREDAGSGUDSTENESTE I DALE KYRKJE

Gudstenesta i Dale kyrkje langfredag er ei annleis gudsteneste. Den kallast pasjonsgudsteneste og handlar om Jesu lidingssoge inntil han dør på krossen. Musikken og salmane i gudstenesta pregar temaet og handlinga i bibelteksten – som er den lengste lesne teksten gjennom året.

For at påska skal få ein heilskap, er kvar dag i den stille veka viktig, frå palmesøndag til påskedag.
Og Jesu lidingssoge høyrer med.

Langfredagsgudstenesta gir ein spesiell moglegheit til refleksjon og ettertanke.
Vel møtt langfredag kl 19.30 i Dale kyrkje!



Velkommen til påskegudsteneste!

Skjærtorsdag
Guddal kyrkje kl.19.00

Guddal familikor deltek
Offer til Strømmestiftelsen

Langfredag
Dale kyrkje kl.19.30
Gudsteneste

Påskedag
Dale kyrkje kl.11.00
Høgtidsgudsteneste med Cantus
Offer til Strømmestiftelsen

Folkestad bedehuskapell
kl.18.45 Orgelkonsert
kl.19.00 Gudsteneste
Offer til Strømmestiftelsen



Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.

Det er mange trygge, gode familiær med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?
Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

fosterhjem.no